



Møteinnkalling

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Møterom 3 i 3. etasje
Dato:	26.04.2023
Tid:	09:00

Møteplan:

Kl. 09.00 – 09.15	Styreleiar og dagleg leiar i Kvammabadet KF presenterer årsrekneskapen for 2022
Kl. 09.15 – 09.45	Rådmannen presenterer årsrekneskapen for Kvam herad for 2022
Kl. 09.45 – 10.00	Rådmannen orienterer om status for kommunal økonomisk bærekraft
Kl. 10.00 -	Sakshandsaming

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Gjermund Stuve
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 3/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.02.2023	2022/191	
Politiske saker			
PS 10/23	Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kvammabadet KF - Uttale frå kontrollutvalet	2022/181	
PS 11/23	Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kvam herad - Uttale frå kontrollutvalet	2022/181	
PS 12/23	Rådmannen orienterer om status for kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad	2022/181	
PS 13/23	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad	2022/240	
PS 14/23	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2022/241	
PS 15/23	Kontrollutvalet si rolle i varslingsaker	2023/362	
PS 16/23	Ekstern revisor ny konkurranse - Fullmakt til kontrollutvalet	2023/359	
PS 17/23	Gjennomgang av møteprotokollar	2022/184	
PS 18/23	Eventuelt	2022/192	
Referat saker			
RS 3/23	Nytt fra fra FKT februar 2023	2022/176	
RS 4/23	SV: Kontrollutvalet i Kvam herad	2022/177	
RS 5/23	Politisk organisering neste valperiode	2022/177	
RS 6/23	Melding om vedtak HST- sak 025/23 Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar	2022/182	
RS 7/23	Melding om vedtak HST- sak 026/23 Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2022	2022/190	

GK 3/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/191-22
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	4/23	26.04.2023

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.02.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.02.2023 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Kvam herad 20.02.2023.pdf

**Møteprotokoll**

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	20.02.2023
Tid:	09:00 - 13:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leder	SP
Michael Iversen	Nestleder	AP
Frank Jacobsen	Medlem	FRP
Ramune Paulauskiene	Medlem	SP
Håvard Gjerde	Medlem	R

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Ramune Paulauskiene melde forfall til møte på møtedagen og det var ikkje mogleg å få tak i vara.

Andre som møtte

Namn	Stilling
Anita Hesthamar	Rådmann, sak PS 1/23
Ingrid Kalsnes	Forvaltningsrevisor i Deloitte, sak PS 2/23 på teams
Iver Fiksdal	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.11.2022	2022/191	
Politiske saker			
PS 1/23	Rådmannen orienterer om etikk og misleg framferd i Kvam herad	2023/342	
PS 2/23	Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk - Revisjonsrapport	2022/182	
PS 3/23	Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2022	2022/190	
PS 4/23	Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2023	2022/183	
PS 5/23	Godkjenning av rullert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024	2022/241	
PS 6/23	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon internkontroll	2022/180	
PS 7/23	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet , kompetanse og sjukefråvær i barnehagar	2022/255	
PS 8/23	Gjennomgang av møteprotokollar	2022/184	
PS 9/23	Eventuelt	2022/192	
Referat saker			
RS 1/23	Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni	2022/176	
RS 2/23	Dokument 22/05460-2 Spørsmål om valgt revisor og håndtering av personopplysninger sendt fra Datatilsynet	2022/308	

GK 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I overskrifta i sak PS 4/23 Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2022 står det 2022. Det skal vera 2023.

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 2/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.11.2022

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.11.2022 vert godkjent.

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Kvam herad 14.11.2022 vart samrøystes vedteke.

PS 1/23 Rådmannen orienterer om etikk og misleg framferd i Kvam herad

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann, Anita Hesthamar, orienterte om korleis status er i Kvam herad er når det gjeld arbeid med etikk og misleg framferd og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Presentasjonen ho brukte vart send kontrollutvalet etter møtet.

Det kom fram m.a. dette:

- Etiske retningslinjer frå 2014 er gjeldande, ligg på nett
- Egne retningslinjer for folkevalde, er også tilgjengeleg på nett

- Har KS e-læring på etikk for dei tilsette og administrasjonen kan følgje opp kven som har gjennomført - 810 har gjennomført til no
- Fleire videoar med døme på etiske dilemma i kurset der den enkelte må svare korleis dei ville løyst dei einskilde døma
- Misleghald og korrupsjon også tema i dette kurset
- I 2022 var ikkje etikk eige tema på leiarsamlinga, på avdelingsmøter i varierende grad
- Etikk som del av den årlege utviklingssamtalen med personalet
- Ingen nye saker om misleghald i 2022
- I 2023 skal Kvam herad ta i bruk nytt kompetansesystem - Dossier
- Etikk ligg også inne som del av obligatorisk kompetansepakke og i utviklingssamtaler
- Ikkje planlagt å ha etikk på leiarsamlingar i 2023.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 2/23 Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk - Revisjonsrapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad ber heradsstyret rådmannen syta for å:

1. Utarbeide skriftlege rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for relevante reglar slik som 3 og 4-årsregelen.
3. Utarbeide ei sjekkliste/kort rutine for tilsetjing i kortare vikariat/timebaserte stillingar.
4. Sikre at dei vurderingane som i praksis blir gjort i rekutteringsgruppene blir tilstrekkeleg dokumentert i det omfang og i den tidsperioden som er nødvendig.
5. Følgje opp funn i undersøkinga om korleis dei tilsette opplever det psykososiale arbeidsmiljøet og ytringskulturen, og setje i verk avhjelpande tiltak.
6. Heradsstyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.05.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Brev motteke 16.02.2023 frå Utdanningsforbundet i Kvam med ein del spørsmål til saka vart ettersend på e-post 17.02.2023.

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Kalsnes

svarte også munnleg ut spørsmåla frå Utdanningsforbundet i Kvam. Presentasjonen ho brukte vart send kontrollutvalet etter møtet.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 20 minuttar til å presentere forvaltningsrevisjonsrapporten for heradsstyret i møte 28.03.2023.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad ber heradsstyret rådmannen syta for å:

1. Utarbeide skriftlege rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for relevante reglar slik som 3 og 4-årsregelen.
3. Utarbeide ei sjekkliste/kort rutine for tilsetjing i kortare vikariat/timebaserte stillingar.
4. Sikre at dei vurderingane som i praksis blir gjort i rekutteringsgruppene blir tilstrekkeleg dokumentert i det omfang og i den tidsperioden som er nødvendig.
5. Følgje opp funn i undersøkinga om korleis dei tilsette opplever det psykososiale arbeidsmiljøet og ytringskulturen, og setje i verk avhjelpande tiltak.
6. Heradsstyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.05.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 3/23 Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2022

Forslag til innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Kvam herad.

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Kvam herad.

PS 4/23 Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2023:

Dato:
20.02.2023 – under avvikling
26.04.2023
05.06.2023
28.08.2023
09.10.2023
27.11.2023

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møtet 26.04.2023 passa litt dårleg for fleire i kontrollutvalet. I dette møte skal årsrekneskapane for 2022 behandlast. For at sekretariatet skal få tid til ei forsvarleg sakshandsaming før utsending av møteinnkalling må møtet haldast 26.04.23 eller 27.04.2023. Dette også for at uttalane frå kontrollutvalet skal rekke utsending av innkalling til møte i formannskapet som skal haldast 10.05.2023. Etter at sekretariatet har hatt munnleg kontakt med medlemmene etter møtet er det likevel 26.04.2023 som vil passe best for dei fleste.

Etter dette vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2023:

- 26.04.2023
- 05.06.2023
- 28.08.2023
- 09.10.2023
- 27.11.2023

PS 5/23 Godkjenning av rullert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner rullert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre.

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner rullert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre.

PS 6/23 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon internkontroll

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll og ønskjer lukke til i det vidare forbetningsarbeidet.

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøysets vedteke-

Vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll og ønskjer lukke til i det vidare forbetningsarbeidet.

PS 7/23 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet , kompetanse og sjukefråvær i barnehagar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad til orientering.
2. kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 01.02.2024.

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat innan 01.02.2024.

PS 8/23 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I dette møtet vart desse møteprotokollane gjennomgått:

- Heradsstyret 08.12.2022 og 09.02.2023
- Formannskapet 23.11.2022 og 01.02.2023
- Miljø, plan og bygningsutval 22.11.2022 og 31.01.2023

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 9/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I starten av møtet gjennomførte Deloitte eit 2-timars kurs i "Prosjektstyring/-oppfølging – Fallgruver" for kontrollutvalet, administrasjonen og politikarar.

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

RS 1/23 Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om at dei faste medlemmene i utvalet som ønskjer å delta på FKT sin fagkonferanse i Trondheim 31.05. - 01.06.2023 kan melde seg på.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Dei faste medlemmene i kontrollutvalet som ønskjer å delta på FKT sin fagkonferanse i Trondheim 31.05. - 01.06.2023 kan melde seg på.

RS 2/23 Dokument 22/05460-2 Spørsmål om valgt revisor og håndtering av personopplysninger sendt fra Datatilsynet

Saksprotokoll 20.02.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/181-42
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	10/23	26.04.2023

Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kvammabadet KF - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet registrere at Kvammabadet KF hadde eit netto driftsresultat på kr. 0 og eit meirforbruk på kr 1.000.000 i 2022.
2. Kontrollutvalet støttar seg på Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF i 2022 og har ikkje andre merknader til denne.
3. Uttalen vert å sende heradsstyret via formannskapet.

Samandrag

Føremålet med saka er at kontrollutvalet gjev sin uttale om årsrekneskapen for Kvammabadet KF 2022. Uttalen følger saka til heradsstyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Signert revisjonsberetning Kvammabadet KF 2022
- 2 Signert revisjonsrapport Kvammabadet KF 2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal i møte 26.04.2023, behandla utvalet sin uttale til Kvammabadet KF sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Styreleiar, dagleg leiar og ansvarleg revisor er ønskt til stades i møtet for å presentera årsrekneskapen og svara på spørsmål. Vi har fått opplyst at Reidun Skålheim Solberg vart vald til ny styreleiar frå desember 2022 og Tom Rasmussen er engasjert som dagleg leiar i 1 år.

Føremålet med uttalen er at heradsstyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14- 6 b)

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til heradsstyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap for 2022 motteke 11.04.2023
- Årsmelding 2022, motteke 11.04.2023
- Revisjonsmelding, dagsett 14.04.2023, vedlegg 1
- Revisjonsrapport, dagsett 14.04.2023, vedlegg 2

Årsrekneskapen og årsmeldinga kan lesast på denne lenkja. [Kvam herad - Årsmelding 2022](#)

Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Føretaket sin revisor, Deloitte AS har lagt fram ei rein revisjonsmelding, (Vedlegg 1) Her er medteke eit netto driftsresultat på kr. 0 og eit meirforbruk på kr 1.000.000 i 2022.

På bakgrunn av dette stilte sekretariatet m.a. følgjande spørsmål til Deloitte:

«Kva er forklaringa på at driftsresultatet er på kr. 0 samstundes som det er eit meirforbruk på kr. 1.000.000?»

Deloitte svarte slik på spørsmålet:

«Her er det brukt MNOK 1 til dekning av tidligere års merforbruk, og det oppstår derfor et merforbruk etter disponering på MNOK 1 også i 2022.»

Dersom det skulle oppstå behov for meir utdjuing av dette svaret kan sikkert Deloitte gjere det i møtet.

Revisor skriv vidare dette i sin konklusjon:

«Etter vår mening:

- oppfyller årsrekneskap gjeldande lovkrav
- gir i det alt vesentleg årsrekneskapen ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»

Vidare har Deloitte konkludert slik når det gjeld vesentlege budsjettavvik, jf. kommunelova § 14-7, b):

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Nummerert brev nr. 1 for rekneskapsåret 2022 frå Deloitte AS

Revisjonsrapport nr. 1 for rekneskapsåret 2022 frå Deloitte AS til Kvammabadet KF, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapssaka i kontrollutvalet, vedlegg 2.

Revisjonsrapporten skildrar resultatet av enkelte tilhøve der dei meiner det kommunale føretaket si leiding bør vere merksame på. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS gjeve tilråding til føretaket på tilhøve som bør forbeistrast.

Sekretariatet merka seg m.a. følgjande frå styret si årsmelding:

«Rapport frå Hardangerbadet AS syner at leigeinntektene vart kr. 1 117 153 lågare enn budsjettet grunna lågare besøkstal enn venta. På den anna side vart driftskostnadene for KF sin seksjon kr. 1 658 460 høgare enn budsjettet. I tillegg hadde Kvammabadet eit negativt budsjettavvik på eiga drift på kr. 84 331. Til saman utgjorde det eit underskot før anna inndekning på kr. 2 859 944.

Etter samarbeids- og driftsavtalen med Hardangerbadet AS og Hardangebadet Eigedom AS er det føresett at leigeinntektene til Kvammabadet skal tilsvare Kvammabadet sine kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av Kvammabadet sin seksjon det enkelte år. I pkt 6.3 i avtalen framgår at «Dersom KF sin andel av billettinntektene ikkje dekker KF sine kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av KF-seksjonen det aktuelle året, skal HB (Hardangerbadet) kvart år dekke det resterande etter påkrav frå KF.

I samsvar med avtalen, vil det bli sendt eit slikt krav fra Kvammabadet til Hardangerbadet AS. For 2022 utgjør dette kr. 1 859 944.

I tillegg har 36 private kausjonistar stilt kausjon med til saman kr. 1 000 000 pr år i 10 år til dekning av driftsunderskot i Kvammabadet.

Det rekneskapsmessige underskotet i Kvammabadet på kr. 1 000 000 for 2022, vil såleis verta inndeckt ved innbetaling frå sjølvskuldnarkausjonistane.»

Konklusjon

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til heradsstyret.

Til heradsstyret i Kvam herad

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Kvam Kvammabadet KF, som viser eit netto driftsresultat på kr 0 og eit meirforbruk på kr 1.000.000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav og,
- gir i det alt vesentlege årsrekneskapen ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til føretaket per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av føretaket, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Leiinga er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekker ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelova sine reglar og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og styret, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Kvam Kvammabadet KF si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premissar for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal styret forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premissar for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei utsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Bergen, 14. april 2023
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi:
Kontrollutvalet
Rådmann

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Unni-Renate Moe

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-99839

IP: 51.174.xxx.xxx

2023-04-16 06:42:15 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 3Q8MT-4LF4Y-S2EZ5-6MAMM-KLFW6-7KFNH

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er last og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Kvam Kvammabadet KF
Att.: Rådmann Anita Hesthamar
Grovgjelet 16

5600 NORHEIMSUND

Revisjonsrapport nr. 1
(journalførast)

14. april 2023

REVISJONSRAPPORT 2022

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2022. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i det kommunale føretaket.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer derfor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner det kommunale føretaket si leiing bør vere merksame på.

Dokumentasjon av bokførte opplysningar

Ved avrekning for 2022 mellom Kvam Kvammabadet KF og Hardangerbadet AS føreligg det utrekningar som viser skyldige beløp mellom partane. Dette består av både ein gjeldspost mot Hardangerbadet AS og ein fordring på Hardangerbadet AS. Det er ikkje utarbeidd utgåande faktura frå Kvam Kvammabadet KF til Hardangerbadet AS på fordringa pr. 31.12.2022. Bokføringsforskrifta §5-1-1 fastslår krav til kva eit salsdokument skal innehalde. Revisjonen vil tilrå at rutineane for utfakturerings til Hardangerbadet AS vert utbetra. Tilhøvet får ikkje konsekvens for revisjonsmeldinga for 2022.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor



Saksframlegg

Saksnr: 2022/181-41
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utvæl	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	11/23	26.04.2023

Årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kvam herad - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 15 for 2022 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 28.08.2023 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2022 for Kvam herad. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen Kvam herad 2022
- 2 Signert revisjonsberetning Kvam herad 2022
- 3 Signert revisjonsrapport Kvam herad 2022
- 4 Signert uttalelse revisor FEØ Kvam 2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 26.04.2023, behandla utvalet sin uttale til Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er heradsstyret sitt ansvar å forvalte heradet sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare heradsstyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Heradsstyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1, 25-1 og 25-2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at heradsstyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til heradsstyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå rådmann, motteke 11.04.2023, lenkje nedanfor
- Rådmann si årsmelding, motteke 11.04.2023, lenkje nedanfor
- Revisjonsmelding, dagsett 13.04.2023, vedlegg 2
- Revisjonsrapport 2022 frå revisor nr. 15, datert 13.04.2023, vedlegg 3
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimisrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til heradet

I tillegg har ansvarleg revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillinger.

Årsrekneskap og årsmelding for 2022 er å finne på denne lenkja: [Kvam herad - Årsmelding 2022](#)
Denne lenkja vart motteke frå Kvam herad 11.04.2023 og vi har fått stadfesta at det er den versjonen som ligg til grunn for den revisjonen Deloitte har gjennomført.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Heradet sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg 2. Her er medteke at netto driftsresultat er kr. 88.639.822 i kommunekassen og netto driftsresultat på kr. .88.639.822 i konsolidert årsrekneskap.

Revisor skriv mellom anna dette i sin konklusjon:

«Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kvam herad som økonomisk eining per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»

Vidare har Deloitte konkludert slik når det gjeld vesentlege budsjettavvik, jf. kommunelova § 14-7, b):

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Nummerert brev nr. 15 for rekneskapsåret 2022 frå Deloitte AS

Revisjonsrapport nr. 15 for rekneskapsåret 2022 frå Deloitte AS til heradet, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet, vedlegg 3. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS gjeve nokre tilrådingar til heradet på tilhøve som bør og kan forbetrast.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be rådmannen om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å rette opp i desse tilrådingane.

Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 «Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen» står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette leverte Deloitte AS «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen» dagsett 23.03.2023, vedlegg 4.

Uttalen omhandler etterleving av kommunelova sine regler om intern kontroll, herunder om:

- heradet har naudsynte prosedyrar og rutinar knytt til refusjon sjukepengar, jamfør kommunelova § 25-1. 3.ledd bokstav b).

Til slutt konkluderer Deloitte AS m.a. slik:

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Kvam herad ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsane i kommunelova § 25-1. 3.ledd bokstav b). knytt til refusjon sjukepengar.»

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Å få tak i tilstrekkeleg bemanning med kompetanse, har vorte stadig vanskelegare i løpet av året. Det påverkar heile organisasjonen, og det er på sin plass å retta ein stor takk til alle som har stått på for at me skal ha bemanning nok til å utføra tenester, og ikkje minst - alle medarbeidarane våre som har strekt seg langt for brukarane våre når me ikkje har lukkast å få tak i nok tilsette. Det er ein imponerende innsats, engasjement og fleksibilitet som er lagt ned i ei særskild vanskeleg tid. Tusen takk for alt de har stått i, og nivået de har levert på i 2022! Det er også på sin plass å takka for at de utover dette, har halde fram med kompetanseutvikling og arbeid vidare med digitalisering av tenestene våre, slik at me vert betre rusta til å handtera noverande og komande utfordringar.

Rådmannen set òg stor pris på å ha eit godt samarbeid med politikarane i Kvam, og vil takka for engasjement og innsats som vert lagt ned i møte med breie og komplekse fagfelt. Oppi alt, er me i den privilegerte situasjonen at me har nok eit rekordstort driftsresultat på heile 88,6 mnok, disposisjonsfond på 252, 3 mnok og vekst i folketallet.»

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til heradsstyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Rådmann har lagt fram ei årsmelding som gjev ei god skildring av drifta av heradet i 2022.

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid*
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene*
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne*
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard*

- e) *den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling*
- f) *hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»*

Sekretariatet har merka seg at desse tilhøva er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2022.

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i heradet byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå heradet.

- Det er ikkje avdekket vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen, verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet. Revisor peikar likevel på fleire forhold i sin revisjonsrapport 2022 som kan og bør forbetrast, vedlegg 3.
- Revisor har stadfesta i revisjonsmeldinga at budsjettavvik og avvik frå budsjettpremissane er tilfredsstillande forklart i årsmeldinga.
- Det er ikkje meldt om misleghald til kontrollutvalet i 2022

Vidare står det dette i kommunlova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»


Kvam herad har løyst dette ved å rapportere om internkontroll som ein del av årsmeldinga. Når det gjeld rapportering etter kommunelova § 25-2 om resultatet frå gjennomførte tilsyn kan vi ikkje sjå at det går fram av årsmeldinga. Det er ikkje eit krav at slik rapportering skal gå fram av årsmeldinga, men det er likevel ikkje unaturleg at det gjer det.

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Økonomisk handleevne

Av rekneskapen for 2022 har sekretariatet merka seg eit netto positivt driftsresultat med kr 88.639.822 som utgjer eit netto resultatgrad på 7,44 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB 15.03.2023 på netto resultatgrad på 3,0 % i 2022. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Kvam herad har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2018 (4,71 %), 2019 (1,96 %), 2020 (1,27 %), i 2021 (7,16%) og i 2022 (7,44) , sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har heradet eit resultat som i 2022 er positivt, og monaleg høgare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekket. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien. Eige mål, korrigert netto driftsresultat skal vere på min 1,75%.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Kvam herad i 2022 har ei lånegjeld tilsvarande 103,5 % av sum driftsinntekter, altså godt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande tall var 120,6 % i 2018, 124,4 % i 2019, 127,3 % i 2020 og 111,2 % i 2021. Det er også verdt å merka seg at heradsstyret vedtok i sak 122/22 at lånegjelda ikkje skal overstige 160 % av driftsinntektene i økonomiplanperioden.

Tilsvarande er disposisjonsfondet på 21,17 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%. Totalt sett har Kvam herad høg lånegjeld sjølv om den er vorte noko redusert dei siste 2 åra. Heradet har eit driftsresultat for 2022 som er monaleg over tilrådinga frå TBU og monaleg over landsgjennomsnittet. Det er gledeleg at disposisjonsfondet og driftsresultatet ligg over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Sett opp mot lånegjelda vil heradet likevel vere sårbart i høve til dømes svingingar i rentemarknaden sjølv om lånegjelda har gått noko ned dei siste 2 åra.

Heradet si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Den var i 2022 på 6,0 % mot 5,9 % i 2021. Dette talet bør ikkje vera over 5 % av driftsinntektene.

Kommunaløkonomisk berekraft

Rådmannen orienterte kontrollutvalet om status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk berekraft i møte i september 2022.

Det kom m.a. fram at rådmannen meinte at neste orientering om dette tema burde leggjast til mai møtet, når årsrekneskap og årsmelding skal handsamast. Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om at det er ønskeleg at det neste gong rådmannen skal orientere om kommunal økonomisk berekraft også vert orientert om status på vedlikehaldsetterslep i kroner på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp mv.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i mai 2023, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk berekraft.
3. I denne orienteringa er det ønskeleg at det også vert orientert om status på vedlikehaldsetterslep i kroner på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp mv.

Det er lagt opp at dette temaet vert lagt fram i eiga sak i dette møtet.

Oppsummering

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Rekneskapsmessig mindreforbruk i høve regulert budsjett
- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Revisjonsrapport nr. 15 for 2022
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2

Forslag til uttale frå kontrollutvalet ligg ved som vedlegg 1.

Konklusjon

Kvam herad har i 2022 eit driftsresultat på 7,44 %. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 21,17 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Kvam herad høg lånegjeld og eit driftsresultat for 2022 som er monaleg over tilrådinga frå TBU og monaleg over landsgjennomsnittet. Det er gledeleg at disposisjonsfondet og driftsresultatet ligg over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Sett opp mot lånegjelda vil heradet likevel vere sårbart i høve til dømes svingingar i rentemarknaden sjølv om lånegjelda har gått noko ned dei siste 2 åra.

På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 15 for 2022 frå Deloitte AS meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be rådmannen om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til heradsstyret.



Til Kvam herad ved heradsstyret.

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022

Kontrollutvalet har 26.04.2023 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Kvam herad som motteke frå rådmann 11.04.2023, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 13.04.2023

Heradet har i 2022 eit netto driftsresultat på kr 88.639.822. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere heradsstyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på 7,44 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 103,5 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 6,0 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 21.17 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

Kontrollutvalet er uroa for at Kvam herad si lånegjeld har vore høg fleire år på rad, sjølv om den dei 2 siste åra har gått noko ned. Lånegjelda ligg likevel langt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2022 på 103,5 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd at den ligg under 75 %. Tilsvarende tal i 2020 var på 127,3 % og i 2021 på 111,2%.

Andre områder:

Kontrollutvalet tilrår at Kvam herad prioriterer å sette fokus på forbettringsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 15 for 2022 frå Deloitte. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar

Kontrollutvalet er nøgd med Kvam herad si årsmelding knytt til omtale av kommunelova § 14-7 a-f og rapportering etter kommunelova § 25-2 om internkontroll. Når det gjeld rapportering etter kommunelova § 25-2 om resultatet frå gjennomførte tilsyn kan vi ikkje så at det går fram av årsmeldinga. Det er ikkje eit krav at slik rapportering skal gå fram av årsmeldinga, men det er likevel ikkje unaturleg at det gjer det.

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 13.04.2023 og revisjonsrapport nr. 15, datert 13.04.2023, har kontrollutvalet ikkje merknader til Kvam herad sin årsrekneskap for 2022.

Kopi: Formannskapet

Til heradsstyret i Kvam herad

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Kvam herad, som viser eit netto driftsresultat på kr 88.639.822 i kommunekassa, og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 88.639.822. Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsolidert årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2022, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kvam herad som økonomisk eining per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelova sine reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.
- hentar vi inn tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis om den finansielle informasjonen til rekneskaps-einingane som inngår i konsolidert årsrekneskap, for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi har eineansvar for vår konklusjon om den konsoliderte årsrekneskapen.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i intern kontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Kvam herad si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget av handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Bergen, 13. april 2023
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi:
Kontrollutvalet
Kommunedirektøren

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Unni-Renate Moe

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-99839

IP: 51.174.xxx.xxx

2023-04-13 10:16:04 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: LPNTO-LG0UV-GQQH0-TO21B-XLB70-SY6JV

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Kvam herad
Att.: Rådmann Anita Hesthamar
Grovagjelet 16

5600 NORHEIMSUND

Revisjonsrapport nr. 15
(journalførast)

13. april 2023

REVISJONSRAPPORT 2022

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2022. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i heradet.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding. I tillegg har vi kontrollert heradet si kontrolloppstilling til lønsoppgåvene.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer derfor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner heradet si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i heradet som er ansvarleg for å etablere og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltinga er ordna på ein trygg måte.

Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-4 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 16 - 18.

Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekket tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

Rutinar godkjenning av lønsutbetaling

Revisjonen har tidlegare år påpeika manglande spor av budsjetteigar sin kontroll av lønsutbetalingar. Heradet tok i 2020 i bruk Framsikt for månadleg rapportering. I samband med at einingsleiarar skal godkjenna månadsrapportering i Framsikt skal også konteringsliste for lønsutbetaling førre månad kontrollerast. Kontrollen etterlet kontrollspor slik at det er mogleg for økonomileiinga å følgja opp at rapportering og godkjenning er utført. Ved revisjonen sin kontroll i 2022 ser vi at denne kontrollen framleis ikkje vert utført fullstendig, og at fleire av einingsleiarane ikkje har registrert godkjenning i Framsikt. Revisjonen vil oppmoda om at rutinen vert vidareutvikla og utforma på ein slik måte at det vert etterprøvd at kontroll er utført i alle einingar.

Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisera balansepostane per 31.12.2022. Vi har og lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntekstpostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentera enkelte tilhøve nedanfor.

Fordring ressurskrevjande tenester

I driftsrekneskapen er det inntektsført MNOK 31,5 i inntekter frå refusjon ressurskrevjande tenester. I den revisorattesterte refusjonssøknaden er kravet om tilskot MNOK 29,6. Det er derfor eit avvik mellom avsette inntekter og tilskotsbeløpet i søknaden på MNOK 1,8. Avviket får ikkje konsekvens for revisjonsmeldinga.

Verdivurdering aksjar

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 3-2 krev at aksjar klassifisert som anleggsmiddel skal nedskrivas til verkeleg verdi ved eit vesentleg og varig verdifall. Revisjonen har ikkje motteke ei verdivurdering per 31.12.2022 og vil tilrå at det vert etablert rutine for at det i samband med avlegging av rekneskapen vert gjennomført ei dokumentert verdivurdering av bokførte aksjar og andeler for å verifisera at verdi er til stades. Tilhøvet får ikkje påverknad på revisjonsmeldinga.

Realismekravet i kommunelova og budsjettjusteringar

Ved revisjon av avslutninga av rekneskapen går det fram at det ikkje er gjort tilstrekkelege budsjettjusteringar, jamfør kommunelova § 9-15. Revisjonen vil særleg påpeika manglande justering av budsjett for bruk og avsetnad for bundne fond, samt generelt for investeringsbudsjettet.

Overføring frå drift til investeringsrekneskapen

Overføring til investering/frå drift er budsjettert med TNOK 946 i driftsrekneskapen og TNOK 932 i investeringsrekneskapen, men er gjennomført med MNOK 3,3. Jamfør budsjett- og rekneskapsforskrifta § 4-1, skal avslutning av rekneskapen skje ved at overføring til investering skal rekneskapsførast i samsvar med budsjettet. I tillegg skal overføring som eventuelt er vedteke av underordna organ rekneskapsførast. Revisjonen er kjend med at den rekneskapsførte overføringa til investering gjeld vedteke bruk av bunde driftsfond i investeringsrekneskapen. Dette har ikkje blitt budsjettert riktig, slik at drifts- og investeringsrekneskapen heller ikkje viser riktig budsjett for overføring til investering/frå drift. Revisjonen vil tilrå at rutinane for budsjettering vert utbetra slik at det ikkje oppstår slike «ikkje reelle» budsjettavvik.

Avslutninga av investeringsrekneskapen

Ved avslutninga av investeringsrekneskapen skal disposisjonar rekneskapsførast i samsvar med budsjetterte beløp, jamfør budsjett- og rekneskapsforskrifta § 4-1. I tillegg skal overføring frå drift til investering og avsetnad til og bruk av disposisjonsfond og ubundne investeringsfond som er vedteke av underordna organ rekneskapsførast. I investeringsrekneskapen er det rekneskapsført ei avsetjing til ubundne investeringsfond som er MNOK 9,2 over budsjett. Jamfør budsjett- og rekneskapsforskrifta § 4-6 skulle ikkje denne avsetjinga vore gjennomført, men det udisponerte beløpet redusert gjennom redusert bruk av lån og ubundne investeringsfond. Tilhøvet får ikkje konsekvens for revisjonsmeldinga for 2022.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Unni-Renate Moe

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5995-4-99839

IP: 51.174.xxx.xxx

2023-04-13 10:16:04 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Til Kvam herad

UAVHENGIG REVISOR SIN ATTESTASJONSUTTALE OM ETTERLEVING AV AVGJERDER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTINGA

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samband med Kvam herad si etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på følgjande områder:

Kontroll av etterleving av kommunelova sine reglar om intern kontroll, herunder om heradet har naudsynte prosedyrar og rutinar knytt til refusjon sjukepengar, jamfør kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b).

Vi har kontrollert perioden frå 01.01.2022 – 31.12.2022.

Kriteria er henta frå:

- Kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b)

Leiinga sitt ansvar for etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga

Rådmannen er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørgjer for at økonomiforvaltinga vert utøvd i tråd med avgjerder og vedtak, og at økonomiforvaltinga er gjenstand for tryggande kontroll.

Vår uavhengigheit og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld uavhengigheitskrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirma som utfører revisjon og forenkla revisorkontroll av rekneskap samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tenester) har Deloitte AS eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje ein uttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med kommunelova sine reglar og RSK 301 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for kor vidt det føreligg vesentlege feil eller manglar ved etterleving av avgjerder og vedtak i heradet si økonomiforvalting på det området vi har føretatt forenkla etterlevingskontroll.

Vi baserer oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i høve RSK 301, inneber å utføra handlingar for å innhenta bevis for at avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Moderat sikkerheit har klårt lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gjev derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit som i ei revisjonsmelding.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Kvam herad ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsane i kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b) knytt til refusjon sjukepengar.

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltinga og til Kvam herad sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis egna til andre føremål.

Bergen, 23. mars 2023
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor



Saksframlegg

Saksnr: 2022/181-43
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	12/23	26.04.2023

Rådmannen orienterer om status for kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i april/mai 2024, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.

Samandrag

Rådmannen er invitert til å orientere om heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft (KØB) etter kommunelova sin § 14-1 og § 14-2.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Økonomisk balanse KUV 050922.pptx

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021 vart det m.a. fokusert på kommunaløkonomisk bærekraft (KØB). Det vert i den samanheng vist til kommunelova § 14-1 og § 14-2.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet sendte slik henvending til rådmann 01.11.21:

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggande krav til økonomiforvaltninga i kommunen. Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunaløkonomisk bærekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk bærekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) årsregnskapene og årsberetningene*
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Kontrollutvalet inviterer med dette rådmannen til møte 22.11.2021 for å orientere kva tiltak eller prosessar heradet gjennomfører for å ivareta den kommunaløkonomiske bærekrafta iht KL § 14-1 og 14-2.

Orienteringa kan t.d. omfatte vedlikehaldsetterslep på veg og bygningar, gjeldsgrad mv. Denne orienteringa er tenkt som første stasjon i ei slik orientering og sekretariatet oppmoder utvalet til å kome med innspel til rådmann i vidare oppfølging.

Rådmannen har orientert kontrollutvalet om kommunaløkonomisk bærekraft (KØB) ved fleire høve, seinast i møte 05.09.2022 der dette vart protokollert:

Behandling i møte

Rådmann Anita Hesthamar orienterte om status for kommunal økonomisk bærekraft i Kvam herad og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rådmannen meinte at neste orientering om dette tema burde leggjast til mai møtet, når årsrekneskap og årsmelding skal handsamast. Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om at det er ønskjeleg at det neste gong rådmannen skal orientere om kommunal økonomisk bærekraft også vert orientert om status på vedlikehaldsetterslep i kroner på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp mv.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i mai 2023, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.
3. I denne orienteringa er det ønskjeleg at det også vert orientert om status på vedlikehaldsetterslep i kroner på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp mv.

Rådmannen sin presentasjonen frå møte 05.09.2022 ligg ved saka.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at rådmannen vert invitert til møte i april/mai 2024 for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.



Kommunaløkonomisk berekraft (KØB)

ORIENTERING KONTROLLUTVALET 05.09.22



§ 14-2 - Plikter: Heradsstyret skal vedta

- Økonomiplan og årsbudsjett
- Årsrekneskap og årsmelding
- Finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi
- Økonomireglement
- Finansreglement
- Utkast/prinsipp økonomiplan i junimøtet + desembermøte
- Rekneskap/melding i mai-møtet
- Resten på eigne ark

Finansielle måltal

- Eiga sak 17.12.19
 - Finansielle måltal 2020-2023
 - <https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2019022979&dokid=100659003&version=1&variant=A&>
- Årleg budsjettvedtak
- Ikkje bindande (verktøy)
- Ikkje lovfesta indikatorar
 - Netto driftsresultat
 - Gjeld

17.12.2019, HST- 142/19 Vedtak:

Finansielle måltall for budsjett 2020:

- 1. Dersom Kvam herad får midlar frå havbruksfondet i 2020, skal midlane setjast av på fond, og ikkje nyttast i 2020. Midlane kan nyttast i seinare buidsjett i trå med tidlegare vedteken bruk av midler frå havbruksfondet*
- 2. Lånegjeld i % av driftsinntekter skal ikkje overstige **160 %** i økonomiplanperioden.*

8. Finansielle måltal er vedtekne i HST sak 142/19. Finasielle måltal for perioden:

1. Lånegjeld i % av driftsinntekteskal ikkje overstiga 160% i økonomiplanperiden.
2. Netto driftsresultat skal vera budsjettert til minimum 0 % av driftsinntektene i perioden 2022 -2025, samla for alle åra

Økonomireglement

- Eiga sak 29.9.20
- <https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2020017003&dokid=100698030&versjon=1&variant=A&>
- Lovpålagt frå 1.1.20
- Ikkje krav til innhald/form
- Årleg i budsjettvedtak

29.09.2020, HST- 103/20 Vedtak:

Kvam heradsstyer vedtek nytt økonomireglement for Kvam herad. Reglementet gjeld for folkevalte organ og administrasjonen i Kvam herad, herunder eksisterande og eventuelle framtidige etableringar av kommunale føretak.

1. Økonomiske rammer

1. Budsjettet for er definert gjennom oppstillingane som nevnt i Forskrift til KommuneLoven § 5-4 til §5-7. Rådmannen får fullmakt i tråd med økonomireglement (HST-103/20).



Reglement for finans- og gjeldsforvaltning

- Siste versjon i HST 16.2.21
- <https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2021001447&dokid=100717013&versjon=1&variant=A&>
-

16.02.2021, HST- 018/21 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek nytt reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Kvam herad slik det ligg føre. Reglementet gjeld f.o.m. 1. mars 2021.

1.1 Føremålet med reglementet

Reglementet skal gje rammer og retningslinjer for heradet si finans- og gjeldsforvaltning. Reglementet utgjer ein samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og underliggjande fullmakter/instruksar/rutinar skal heimlast i reglementet. Vidare definerer reglementet kva avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva og opptak av lån/gjeldsforvaltning.

§14-1 - Berekraft?

- Trygga grunnlaget for velferda og ivareta økonomisk handlingsrom
- Langsiktig tenking og tidlege økonomiske grep

§ 14-1. *Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen*



Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.

Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.



Gjeld




Netto driftsresultat – utkast til øk.plan i juni 2022 ++

Vurdering av den økonomiske utviklinga


Beløp i 1000

Økonomiplan

	Budsjett 2022	2023	2024	2025	2026
Sum inntekter	-941 654	-992 655	-973 329	-956 477	-917 061
Sum utgifter	941 545	960 723	940 342	935 089	918 319
Brutto resultat	-110	-31 932	-32 987	-21 389	1 258
Netto finansutgifter og inntekter	48 918	63 005	65 855	69 355	60 655
Motpost avskrivinger	-47 533	-47 533	-47 533	-47 533	-47 533
Netto resultat	1 275	-16 460	-14 665	433	14 380
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-1 275	14 481	12 687	-2 767	-4 119
Årsresultat	0	-1 979	-1 979	-2 334	10 261
Netto resultat i prosent av sum inntekter	-0,1 %	1,7 %	1,5 %	0,0 %	-1,6 %




Styringsrenten i prosent




Berekraft – arbeidskraft – tidlege grep

Figur 1. Arbeidsledige i prosent av arbeidsstyrken. Brudd- og sesongjusterte tall, tremåneders glidende gjennomsnitt



Figur 2. Antall jobber (arbeidsforhold), sesongjusterte og ikke-sesongjusterte endelige tall



Spørsmål?





Saksframlegg

Saksnr: 2022/240-5
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	13/23	26.04.2023

Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor, Unni Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Kvam herad, til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad. Vedlagte uavhengighetserklæring mv. ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Signert uavhengighetserklæring 2023 - Kvam

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal ansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar løpande vurdere sin uavhengighet. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommunelova § 23-2, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vurderingar og verknader

I kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»

Vidare står det i § 19 Krav til egenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»

Ansvarleg revisor hjå Deloitte, Unni Renate Moe, har no sendt over ei slik egenvurdering dagsett 27.03.2023. Denne ligg ved saka.

Som det går fram av kommunelova har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at heradet har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si behandling av ansvarleg revisor si egenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at heradet har ei forsvarleg revisjonsordning.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er bestilt av kontrollutvalet. Det er ingen ting i veien for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengighet og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for heradet ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og storleiken på oppdraget.

Deloitte opplyser dette på førespurnad frå oss:

«Deloitte har i 2022 og hittil i 2023 ikke utført oppdrag for Kvam herad utover det som er bestilt av kontrollutvalget.»

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte AS sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Kvam herad.

Revisor har heller ikkje hatt oppdrag for Kvam herad ut over bestilling frå kontrollutvalet som svekkar uavhengigheita.

Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa vert det tilrådd å ta informasjonen til etterretning.

Til Kontrollutvalet i Kvam herad

Uavhengighetserklæring

Deloitte AS v/partner Unni-Renate Moe sin eigenvurdering av uavhengigheit følgjer punktvis i høve til krav i kommunelova § 24-4 og §§ 16 - 19 i forskrift om revisjon og kontrollutval:

Pkt. 1: Tilsetjingstilhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Kvam herad.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Kvam herad som er av betydning for vår uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjeving- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjeving- eller andre tenester til Kvam herad som kjem i konflikt med krav til uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Kvam herad som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte AS for tida ikkje opptrer som fullmektig for Kvam herad.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne tilhøve	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særeigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Kvam herad.</i>

Bergen, 27. mars 2023
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
partner/statsautorisert revisor



Saksframlegg

Saksnr: 2022/241-20
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	14/23	26.04.2023

Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll innan
2. Deloitte vert bedne om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 15.05.2023.
4. Prosjektplanen skal behandlast i møte i kontrollutvalet 05.06.2023.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste forvaltningsrevisjon skal gjennomførast innan eller om kontrollutvalet skal bestille ein eigarskapskontroll.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Plan for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet vedtok rullert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 i sak PS 5/23 i møte 20.02.2023. Av planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 7 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av offentlege bygg
2. Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging
3. Forvaltningsrevisjon av Kvam kraftverk AS
4. Forvaltningsrevisjon av beredskap
5. Forvaltningsrevisjon av innkjøp
6. Hardanger AKS AS (Storeholmen)
7. Forvaltningsrevisjon av investeringar

Plan for eigarskapskontroll:

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vart vedteken av heradsstyret i 2020 og kontrollutvalet vedtok i sak PS 40/22 i møte 14.11.2022 at det ikkje var behov for å rullere planen. Den vedtekne planen inneheld disse 4 prosjekta i prioritert rekkefølge:

1. Eigarskapsforvaltning
2. Kvam energi AS
3. Hardanger AKS
4. Kvam kraftverk AS

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll hittil i denne valperioden.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel heradsstyret som har avgjersle mynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Vurderingar og verknader

Det er nå tid for å bestille ein ny forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Kontrollutvalet skal for det første velje det nye prosjektet for gjennomføring av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Det er naturleg at ein veljer det første prosjektet i ein av dei vedtekne planane. Prosjektet som vert vald vil kunne starte opp hausten 2023 med ferdigstilling i første halvår 2024. Då vil kostnadene kunne fordelast over to budsjettår. Det vil ikkje vera budsjett messig dekning for å sette i gang eit prosjekt frå kvar av planane.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestille, bør dei definere og avgrense prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finne svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksle på omtalen av dei neste prosjekta, slik det kjem fram i dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, jf. oppstilling nedanfor.

Gjeldende plan for forvaltningsrevisjon:

Nr.	Prosjekt	
1	Vedlikehold av offentlege bygg	Risikoområde: • System og organisering av oppfølging • Roller og ansvar
2	Vedtaksoppfølging	Risikoområde: • System for oppfølging og iverksetting • Effektiv rapportering • Oversikt over vedtak
3	Kvam kraftverk AS	Risikoområde: • Økonomistyring • Internkontroll • Målinnfriing

Gjeldende plan for eigarskapskontroll:

Nr.	Prosjekt	
1	Eigarskapsforvaltning	Risikoområde: • System og rutinar for oppfølging av eigarskapa ○ Eigarmelding ○ Eigarstrategi ○ Eigaroppfølging • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
2	Kvam energi AS	Risikoområde: • System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
3	Hardanger AKS	Risikoområde: • System og rutinar for oppfølging av eigarskapet ○ Eigarmelding ○ Eigarstrategi ○ Eigaroppfølging • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen • Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til definering og avgrensing av prosjektet. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 15.05.2023 slik at den kan leggjast fram for kontrollutvalet til godkjenning i møte 05.06.2023.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/362-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	15/23	26.04.2023

Kontrollutvalet si rolle i varslingsaker

Forslag til innstilling

1. Heradsstyret har intensjon om at kontrollutvalet, av omsyn til naudsynt uavhengigheit, ikkje lenger skal ha ei rolle i varslingsaker slik det er omtala i «Ethiske retningslinjer for tilsette i Kvam herad frå 2014» i punktet «Informasjon og varslings».
2. Heradsstyret vedtek at rutineane for varslings som ligg i «Ethiske retningslinjer for tilsette i Kvam herad» skal reviderast i tråd med det som går fram av punkt 1.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal komme med innspel til endringar i «Ethiske retningslinjer for tilsette i Kvam herad» når det gjeld kontrollutvalet si rolle i varslingsaker.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I etiske retningslinjer for tilsette i Kvam herad frå 2014 går dette fram av punktet «Informasjon og varsling»:

«I normaltilfelle skal næraste leiar varslast ved brot på lover og reglar.
I tilfelle der ein tilsett har grunn til å gå utanom leiaren kan følgjande varslast;
Overordna leiar, tillitsvalt, verneombod, kontrollutvalet, tilsynsmynde eller anna offentleg mynde.»

Sekretariatet har merka seg som positivt at kontrollutvalet ikkje er tiltenkt ei rolle i gjeldande etiske retningslinjer for folkevalde.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Ved forvaltningsrevisjonar mv. er det kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel heradsstyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Ved dette høve har kontrollutvalet, gjennom reglement, fått ein funksjon ift. varsling. Kontrollutvalet er heradsstyret sitt kontrollorgan, og må kunna rapportera attende om utvalet kjenner på at utvalet er tildelt ein rolle som kan vera problematisk ift. uavhengigheit.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet meiner at det er problematisk i høve uavhengigheit at kontrollutvalet skal ha ei rolle i varslingssaker. Dette vert m.a. grunngjeve i at kontrollutvalet samstundes skal ha ansvar for å gjennomføre forvaltningsrevisjon når det gjeld korleis heradet sine varslingsrutinar er utforma og korleis dei vert praktisert. Det vil kunne medføre at kontrollutvalet kan møte seg sjølv i døra i gjennomføringa av ein slik revisjon. Det vil samstundes vera problematisk for revisor å bistå kontrollutvalet i eit slikt arbeid dersom dei tidlegare har levert ein rapport om varsling. Det vil kunne vera med på å svekke tilliten til varslingsinstituttet.

Det bør på bakgrunn av dette vurderast om kontrollutvalet, av omsyn til naudsynt uavhengigheit, ikkje skal ha ei rolle i varslingssaker. Noverande rutinar for varsling bør difor reviderast.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tar opp med heradsstyret at utvalet, av omsyn til naudsynt uavhengigheit, ikkje lenger skal ha ei rolle i varslingssaker slik det er omtala i «Etiske retningslinjer for tilsette i Kvam herad» i punktet «Informasjon og varsling».

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet føreslår for heradsstyret at rutinane for varsling vert revidert i tråd med dette.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/359-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	16/23	26.04.2023

Ekstern revisor ny konkurranse - Fullmakt til kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Heradsstyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse om val av revisor for Kvam herad. Tidsramma må leggjast slik at den som vert vald ut frå konkurransen, er revisor f.o.m. 01.07.2024.
2. Fullmakta omfatter gjennomføring av helie prosessen, herunder:
 - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
 - Knytte til seg naudsynt hjelp.
 - Vurdere mottekne tilbod og innstilla overfor heradsstyret på val av revisor.

Samandrag

Det er heradsstyret sjølv som vel revisor for heradet. Vedtaket vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet, som gjennomfører prosessen fram til val av revisor.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam herad nyttar konkurranseutsetjing av revisjonstenestene. Noverande avtaleperiode for revisjonstenester gjeld til og med revisjon av rekneskapen for 2023, det vil seia til og med 30.6.2024. Frå 1.7.2024 må revisor for ny avtaleperiode vera på plass. Det er dermed på tide med oppstart av prosess med ny konkurranse om kjøp av revisjonstenester. Det vert tilrådd at heradsstyret gir kontrollutvalet nokre fullmakter gjeldande denne konkurransen.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetjing av revisjonstenestene og lage innstilling til heradsstyret på val av revisor, medan det er heradsstyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Kommunelova § 24-1 omhandlar val av revisor. Det står mellom anna dette:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes etter innstilling fra kontrollutvalget.»

Når lova nyttar formuleringa «kommunestyret selv», inneber det at avgjersla ikkje kan delegerast.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass i denne prosessen i og med at heradsstyret skal gjera vedtak etter innstilling frå utvalet. Det er sekretariatet til kontrollutvalet som førebur saka for kontrollutvalet jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 7:

«Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.»

Ny kontraksperiode skal starte frå 1.7.2024. For at ein skal rekke å komme gjennom alle stega i innkjøpsprosessen innan den tid må arbeidet starte tidleg haust 2023, og det er heilt avgjerande for gjennomføringa at kontrollutvalet får tildelt fullmakter for å gjennomføre prosessen.

Konklusjon

Det vert tilrådd å gi fullmakt til kontrollutvalet til å gjennomføre prosessen med konkurranseutsetjing av revisjonstenestene for Kvam herad, men at det er heradsstyret som til slutt gjer vedtak om val av revisor.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/184-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	17/23	26.04.2023

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad som kan vera av interesse for utvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 09.03.2020 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane. I møte i kontrollutvalet 05.09.2022 gjorde kontrollutvalet vidare slikt vedtak

«Ramune Paulauskiene tek over ansvar for å gjennomgå møteprotokollar frå heradsstyret etter Anita Sørnes.»

Vidare vart det gjort slikt vedtak i møte i kontrollutvalet 14.11.2022:

«Frank Jacobsen overtar ansvaret, saman med Håvard Gjerde, for å gjennomgå møteprotokollar frå formannskapet etter Svanhild Botnen.»

Etter dette vert ansvar for å gjennomgå møteprotokollane fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Ramune Paulauskiene
Formannskapet	Håvard Gjerde og Frank Jacobsen
Miljø, plan og bygningsutval	Gjermund Stuve og Michael Iversen

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til heradet på denne lenkja: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan/>

Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunne fange opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 28.03.2023
- Formannskapet 22.03.2023
- Miljø, plan og bygningsutval 21.03.2023

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane som kontrollutvalet bør vite meir om, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/192-10
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	18/23	26.04.2023

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 09.03.2020 i PS 10/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 20.02.2023 09:05:41
Til: Roald Breistein[Roald.Breistein@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra fra FKT februar 2023



Forum for
kontroll og tilsyn

FAGKONFERANSEN 31. mai – 1.JUNI 2023

Scandic Lerkendal, Trondheim

Det er krig i Europa, dyrtid og klimakrisen er foruroligende nær. Hva bør kontrollutvalget være oppmerksom på i denne sammenhengen?

- Hvilke trusler står kommunene overfor?
- Er beredskapen i kommunen god nok?
- Er kommunen beskyttet mot korrupsjon og økonomisk kriminalitet?
- Det er kommunestyre- og fylkestingsvalg til høsten. Derfor er det aktuelt å spørre om vi er sikre på om vi kan gjennomføre valg på en trygg måte uten påvirkning?
- Hva med personvernet? Er kommunen beskyttet mot hacking og cyberangrep?

Samtidig er det krav til kommunene om godt ytringsklima og åpenhet.

- Hvordan står det egentlig til med åpenheten i norske kommuner?
- Ytringsfrihetskommisjonen mener at kommuner som sliter med åpenheten må lage en tiltaksplan som skal sikre at offentlighetsloven og arkivloven etterleves.

Påmelding



SEKRETARIATSKONFERANSEN 21.- 22. MARS 2023

Scandic Lillestrøm

Nye tolkningsuttalelser og annet nytt fra kommunal- og distriktsdepartementet.

To veiledere er til høring på tidspunktet for sekretariatskonferansen:

Anbefalinger for protokollering og Anbefalinger for bestilling og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

Hvem gjør hva i Rov-analysen? Når er det mest hensiktsmessig å gjennomføre analysen? Hvordan skal nytt kontrollutvalg få godt eierskap til den?

Det er nyttig for kontrollutvalget å evaluere eget arbeid jevnlig for å få til læring og forbedring ved å sette søkelys på hvordan utvalget fyller sin kontroll- og tilsynsfunksjon. Vi tar sikte på å få fram et nyttig grunnlag som kan bearbeides, deles og brukes.


Det nærmer seg kommunevalg og opplæring av nye kontrollutvalg og folkevalgte må forbedres. Hvordan kan sekretariatet spille kontrollutvalgene gode? Hva er viktig å få med i vår tilmålte tid i opplæringen for kommunestyre og for kontrollutvalget?

Vi legger opp til god tid til diskusjon og refleksjon i grupper og i plenum.

HØRING

Anbefalinger for protokollering
Anbefalinger for bestilling og oppfølging av
forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

[LES MER HER](#)



Transparency International Norge (TI Norge) har oppdatert sin domssamling med hele åtte nye rettskraftige saker.



Datatilsynets svar på spørsmål om valgt revisor og håndtering av personopplysninger



For å berede grunnen for det lokale arbeidet med tillitsreformen, ønsker departementet klargjøre enkelte sentrale spørsmål.

Andre nyheter:

Tolkningsuttalelse fra departementet om digital deltakelse for revisor i møter

Sivilombudet om innsyn i møteportal for folkevalgte i kommune («politikerportalen»)

Les flere nyheter her



Copyright © 2023 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.
Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?
Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)



mailchimp

		Kvam herad - budsjett og endeleg rekneskap				Tilsendt frå kontrollutvalet	
Konto	Tekst	Rekneskap 2022	Budsjett 2022 KH	Rest ramma 2022	Budsjett 2023 KH per 1.T	B2022	B2023
10800	Godtgjersle folkevalde	7 000	25 000	18 000	25 000	25 000	25 000
10802	Tapt arbeidsforteneste folkevalde	12 281	12 320	39	12 320	12 320	12 320
10803	Frikjøp	0	37 000	37 000	40 000	37 000	40 000
	Delsum	19 281	74 320	55 039	77 320	74 320	77 320
10990	Arbeidsgjevaravgift	2 719	10 649	7 930	10 902	10 479	10 902
	Delsum	22 000	84 969	62 969	88 222	84 799	88 222
11000	Kontormateriell og litteratur	0	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
11151	Matservering ved møter og intern opplæring	0	6 300	6 300	6 300	6 300	6 300
11202	Tenestefrikjøp politikarar og andre (ref.lønsutg.)	0	0	0	0		
11500	Kursavgift / kostnad ved førelesar	0	43 000	43 000	18 000	43 000	18 000
11600	Skyss- og kostgodtgjersle(skattefri)	0	14 000	14 000	14 000	14 000	14 000
11956	Medlemskontingentar	9 625	7 500	-2 125	7 500	7 500	7 500
12700	Konsulenthonorar	757 736	867 848	110 112	898 085	867 848	898 085
12700	Konsulenthonorar	-18 241	0	18 241	0		
	Delsum	749 120	943 648	194 528	948 885	943 648	948 885
14290	Momskompensasjonsutgift drift	189 434	113 176	-76 258	232 336	231 027	232 336
17290	Momskompensasjonsinntekt drift	-189 434	-113 176	76 258	-232 336	-231 027	-232 336
Total budsjettramme		771 120	1 028 617	257 497	1 037 107	1 028 447	1 037 107

Budsjettforslag kontrollutvalet i Kvam herad for 2023

Konto	Tekst	Budsjett 2022		Budsjett 2023		Merknad
10800	Godtgjersle folkevalde	kr	25 000	kr	25 000	
10802	Tapt arbeidsforteneste	kr	11 000	kr	11 000	
	Feriepengar av tapt arbeidsforteneste	kr	1 320	kr	1 320	
10803	Frikjøp	kr	37 000	kr	40 000	Frikjøp leiar
	Delsum	kr	74 320	kr	77 320	
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr	10 479	kr	10 902	
	Delsum	kr	84 799	kr	88 222	
11000	Diverse inkl abb	kr	5 000	kr	5 000	
11151	Servering på møta	kr	6 300	kr	6 300	
11207	Reiseutg.m.m. ikkje oppg. pl.					
11500	Kurs/konferanse	kr	18 000	kr	18 000	FKT og NKRF konferansane
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr	25 000			Folkevaldopplæring kontrollutvalet i 2022
11600	Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl.	kr	14 000	kr	14 000	FKT og NKRF konferansane mv.
11700	Persontransport	kr	-	kr	-	
11951	Kontingentar	kr	7 500	kr	7 500	Medlemskap FKT, jfr. årsmøtevedtak 2022
12700	Planarbeid					
12700	Kjøp av sekretariatstenester	kr	203 000	kr	210 000	I høve avtale med Kvam herad, brev sendt 2014
12700	Konkurranseutsetting av revisjon	kr	-	kr	-	
12700	Ekstra tiltaksmidlar	kr	35 000	kr	35 000	
12700	Kjøp av revisjonstenester Deloitte AS	kr	629 848	kr	653 085	I høve avtale frå 01.07.2020
	Delsum	kr	943 648	kr	948 885	
14290	Meirverdiavgift	kr	231 027	kr	232 336	
17290	Moms-kompensasjon	kr	-231 027	kr	-232 336	
16900	Interne overføringar (VAR)	kr	-			
	Total budsjettramme	kr	1 028 447	kr	1 037 107	

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	22.03.2023	027/23
Kvam heradsstyre	28.03.2023	033/23

Avgjerd av:	Arkiv: N-026	Arkivsaknr
Saksh.: Vik, Kari Weltzien	Objekt:	22/2025 - 3

Politisk organisering 2023- 2027. Kvam herad

Behandling i politiske utval:

22.03.2023, FSK- 027/23 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Kvam miljø-, plan- og bygningsutval skal halda fram med: 9 medlemer.

Varaordførar skal vera utvalsleiar for utvalet. Utvalet skal ha særleg ansvar for å fylgja opp miljø- og klimaplanen.

2. *Varaordførar får 40% «stilling» og 40% av ordførargodtgjersle. Varaordførar kan frikjøpast opp til 20% utanom dette. Ordførar får fullmakt til å gje frikjøp innanfor dei rammene som er gitt. Varaordførar skal ha kontorplass på rådhuset. I tillegg til dei oppgåvene som i dag ligg på varaordførar skal han/ho også leia Kvam miljø-, plan- og bygningsutval. Varaordførar skal også vera politisk kontaktperson for alle grendeutvala i Kvam. Varaordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle for dei møta han/ ho deltek på.*
3. *Møtegodtgjersla for folkevalde vert auka til kr. 1500 per møte.*
4. *Gruppeleiarar i heradsstyre får 1 % av ordførargodtgjersle utbetalt per år. Gruppeleiarane skal også ha utbetalt vanleg møtegodtgjersle i tillegg.*
5. *Heradsstyremøte og formannskapsmøte skal haldast på dagtid med møtestart klokka 09.00.*
6. *Ordninga med at det vert valt saksordførar i formannskapet vert avskaffa. Ordførar refererer sakshandsaminga i formannskapet for heradsstyret. Refereringa skal innehalda framlegg til tilrådingar.*
7. *Ordninga med tilskot til elektronisk utstyr for dei folkevalde vert avskaffa*
8. *Reglementa for dei politiske utvala skal oppdaterast i tråd med endringsvedtak gjort i denne saka. Det same gjeld Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og*

velferdsgodar, Kvam herad, Vestland. Rådmann får myndigheit til å gjennomføra rettingane.

- 9. Vedtekne endringar gjeld frå og med ny valperiode hausten 2023 til det vert gjort nytt vedtak om politisk organisering. Andre ordningar knytt til den politiske organiseringa som ikkje er presisert i dette vedtaket held fram.*
- 10. Pc ordning: For representanter og 1.vara som ikkje har tilgang eller moglegheit til å nytta eigen pc/jobbb pc, skal heradet tilby pc til utlån i valperioden. Den skal driftast av heradet si IT avdeling.*

Saksordførar: Kari Mostad, MDG

28.03.2023, HST- 033/23 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

- 1. Kvam miljø-, plan- og bygningsutval skal halda fram med: 9 medlemer.*

Varaordførar skal vera utvalsleiar for utvalet. Utvalet skal ha særleg ansvar for å fylgja opp miljø- og klimaplanen.

- 2. Varaordførar får 40% «stilling» og 40% av ordførargodtgjersle. Varaordførar kan frikjøpast opp til 20% utanom dette. Ordførar får fullmakt til å gje frikjøp innanfor dei rammene som er gitt. Varaordførar skal ha kontorplass på rådhuset. I tillegg til dei oppgåvene som i dag ligg på varaordførar skal han/ho også leia Kvam miljø-, plan- og bygningsutval. Varaordførar skal også vera politisk kontaktperson for alle grendeutvala i Kvam. Varaordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle for dei møta han/ ho deltek på.*
- 3. Møtegodtgjersla for folkevalde vert auka til kr. 1500 per møte.*
- 4. Gruppeleiarar i heradsstyre får 1 % av ordførargodtgjersle utbetalt per år. Gruppeleiarane skal også ha utbetalt vanleg møtegodtgjersle i tillegg.*
- 5. Heradsstyremøte og formannskapsmøte skal haldast på dagtid med møtestart klokka 09.00.*
- 6. Ordninga med at det vert valt saksordførar i formannskapet vert avskaffa. Ordførar refererer sakshandsaminga i formannskapet for heradsstyret. Refereringa skal innehalda framlegg til tilrådingar.*
- 7. Ordninga med tilskot til elektronisk utstyr for dei folkevalde vert avskaffa*
- 8. Reglementa for dei politiske utvala skal oppdaterast i tråd med endringsvedtak gjort i denne saka. Det same gjeld Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgodar, Kvam herad, Vestland. Rådmann får myndigheit til å gjennomføra rettingane.*
- 9. Vedtekne endringar gjeld frå og med ny valperiode hausten 2023 til det vert gjort nytt vedtak om politisk organisering. Andre ordningar knytt til den politiske organiseringa som ikkje er presisert i dette vedtaket held fram.*
- 10. Pc ordning: For representanter og 1.vara som ikkje har tilgang eller moglegheit til å nytta eigen pc/jobbb pc, skal heradet tilby pc til utlån i valperioden. Den skal driftast av heradet si IT avdeling.*

Arbeidsutvalet for politisk organisering (POLORG) sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Kvam miljø-, plan- og bygningsutval skal halda fram med:

 A: 7 medlemer eller B: 9 medlemer.
 Varaordførar skal vera utvalsleiar for utvalet. Utvalet skal ha særleg ansvar for å fylgja opp miljø- og klimaplanen.
2. Varaordførar får 40% «stilling» og 40% av ordførargodtgjersle. Varaordførar kan frikjøpast opp til 20% utanom dette. Ordførar får fullmakt til å gje frikjøp innanfor dei rammene som er gitt. Varaordførar skal ha kontorplass på rådhuset. I tillegg til dei oppgåvene som i dag ligg på varaordførar skal han/ho også leia Kvam miljø-, plan- og bygningsutval. Varaordførar skal også vera politisk kontaktperson for alle grendeutvala i Kvam. Varaordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle for dei møta han/ ho deltek på.
3. Møtegodtgjersla for folkevalde vert auka til kr. 1500 per møte.
4. Gruppeleiarar i heradsstyre får 1 % av ordførargodtgjersle utbetalt per år. Gruppeleiarane skal også ha utbetalt vanleg møtegodtgjersle i tillegg.
5. Heradsstyremøte og formannskapsmøte skal haldast på dagtid med møtestart klokka 09.00.
6. Ordninga med at det vert valt saksordførar i formannskapet vert avskaffa. Ordførar refererer sakshandsaminga i formannskapet for heradsstyret. Refereringa skal innehalda framlegg til tilrådingar.
7. Ordninga med tilskot til elektronisk utstyr for dei folkevalde vert avskaffa
8. Reglementa for dei politiske utvala skal oppdaterast i tråd med endringsvedtak gjort i denne saka. Det same gjeld *Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgodar, Kvam herad, Vestland*. Rådmann får myndigheit til å gjennomføra rettingane.
9. Vedtekne endringar gjeld frå og med ny valperiode hausten 2023 til det vert gjort nytt vedtak om politisk organisering. Andre ordningar knytt til den politiske organiseringa som ikkje er presisert i dette vedtaket held fram.

Samandrag:

Arbeidsutvalet for politisk organisering (POLORG) vart etablert 24.5.2022 og har hatt 3 møter i løpet av hausten 2022. Utvalet fekk i oppgåve å sjå på korleis den politisk organiseringa skal vera i perioden 2023- 2027 her inkludert om talet faste representantar i Kvam heradsstyre skulle endrast.

I november 2022 handsama Kvam heradsstyre sak om tal faste heradsstyrerepresentantar for neste valperiode. Arbeidsutvalet tilrådde at talet ikkje skulle endrast. Heradsstyret følgde tilrådinga frå arbeidsutvalet og vedtok å halda fram med ei ordning med 27 faste representantar.

Arbeidsutvalet har sett på korleis den politiske organiseringa skal vera i perioden 2023- 2027 og har konkludert med å tilrå å oppretthalda noverande politisk organisering når det gjeld utval, men opnar opp for å redusera talet representantar i Kvam miljø-, plan- og bygningsutval (MPB). Vidare tilrår arbeidsutvalet å styrka «stillingsheimelen» til varaordførar og at varaordførar skal overta som utvalsleiar for MPB.

Arbeidsutvalet viser til at det må gjennomførast ei eiga høyring når det gjeld organiseringa av rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre i samsvar med regelverk. Kvam herad har per i dag ei «unntaksløysing» fordi ein i forkant av førre valperiode ikkje klarte å etablere to separate råd (Eit for menneske med nedsett funksjonsevne og eit eldreråd). Høyring når det gjeld om Kvam herad skal halda fram med eit samanslått råd eller gå tilbake til tidlegare løysing med to separate råd skal gjennomførast før sommaren 2023.

Vidare vurdering og grunngjeving for arbeidsutvalet si tilrådinga i denne saka er å finna under punktet saksopplysningar.

Vedlegg i saka:

22.03.2023 Kvam formannskap

Pc ordning: For representanter og 1.vara som ikkje har tilgang eller moglegheit til å nytta eigen pc/jobb pc, skal heradet tilby pc til utlån i valperioden. Den skal driftast av heradet si IT avdeling.

Røysting:

1. Arbeidsutvalet for politisk organisering (POLORG) sitt framlegg med alt. B i pkt. 1. Miljø-, plan- og bygningsutvalet skal halda fram med 9 representantar vart samrøystes vedteke med 9 røyster
2. Tilleggsframlegget til Frode Nygård, FrP vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK- 027/23 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Kvam miljø-, plan- og bygningsutval skal halda fram med: 9 medlemmer.

Varaordførar skal vera utvalsleiar for utvalet. Utvalet skal ha særleg ansvar for å fylgja opp miljø- og klimaplanen.

2. Varaordførar får 40% «stilling» og 40% av ordførargodtgjersle. Varaordførar kan frikjøpast opp til 20% utanom dette. Ordførar får fullmakt til å gje frikjøp innanfor dei rammene som er gitt. Varaordførar skal ha kontorplass på rådhuset. I tillegg til dei oppgåvene som i dag ligg på varaordførar skal han/ho også leia Kvam miljø-, plan- og bygningsutval. Varaordførar skal også vera politisk kontaktperson for alle grendeutvala i Kvam. Varaordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle for dei møta han/ ho deltek på.
3. Møtegodtgjersla for folkevalde vert auka til kr. 1500 per møte.
4. Gruppeleiarar i heradsstyre får 1 % av ordførargodtgjersle utbetalt per år. Gruppeleiarane skal også ha utbetalt vanleg møtegodtgjersle i tillegg.
5. Heradsstyremøte og formannskapsmøte skal haldast på dagtid med møtestart klokka 09.00.
6. Ordninga med at det vert valt saksordførar i formannskapet vert avskaffa. Ordførar refererer sakshandsaminga i formannskapet for heradsstyret. Refereringa skal innehalda framlegg til tilrådingar.
7. Ordninga med tilskot til elektronisk utstyr for dei folkevalde vert avskaffa
8. Reglementa for dei politiske utvala skal oppdaterast i tråd med endringsvedtak gjort i denne saka. Det same gjeld *Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og*

velferdsgodar, Kvam herad, Vestland. Rådmann får myndigheit til å gjennomføra rettingane.

9. Vedtekne endringar gjeld frå og med ny valperiode hausten 2023 til det vert gjort nytt vedtak om politisk organisering. Andre ordningar knytt til den politiske organiseringa som ikkje er presisert i dette vedtaket held fram.
10. Pc ordning: For representantar og 1.vara som ikkje har tilgang eller moglegheit til å nytta eigen pc/jobb pc, skal heradet tilby pc til utlån i valperioden. Den skal driftast av heradet si IT avdeling.

Saksordførar: Kari Mostad, MDG

28.03.2023 Kvam heradsstyre

Framlegg frå Håvard Gjerde, R: Som formannskapet si innstilling men endringane i punkt 2 og 3 går ut. Det vil seie den som gjeld auke i møtegodtgjersle og løn til gruppeleiarar.

Framlegg frå Natalia Golis, MDG: Som formannskapet si tilråding med følgjande endring: leiar av miljø plan og bygg vert vald av heradsstyret i neste periode.

Lisbeth Fredheim Oma, KrF fekk permisjon frå møtet frå og med sak 027/23 kl. 20.12. Det var difor 26 røysteføre i handsaminga av saka.

Røysting:

Natalia Golis, MDG sitt framlegg vart sett opp mot formannskapet si tilråding. Framlegget frå Natalia Golis, MDG fekk 4 røyster og fall mot 22 røyster. Formannskapet si tilråding gjekk vidare til neste røysterunde.

Følgjande representantar røysta for framlegget til Natalia Golis, MDG:

- Natalia Golis, MDG
- Kari Mostad, MDG
- Ottar Randa, H
- Frode Skeie, H

Håvard Gjerde, R sitt framlegg vart sett opp mot tilrådinga frå formannskapet. Håvard Gjerde, R sitt framlegg fekk 2 røyster og fall. Formannskapet si tilråding fekk 24 røyster og vart vedteke.

Formannskapet si tilråding fekk 25 røyster og vart vedteke mot 2 røyster.

Følgjande røysta for Håvard Gjerde, R sitt framlegg:

- Håvard Gjerde, R
- Geir Madsen, SV

HST- 033/23 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Kvam miljø-, plan- og bygningsutval skal halda fram med: 9 medlemer.

Varaordførar skal vera utvalsleiar for utvalet. Utvalet skal ha særleg ansvar for å fylgja opp miljø- og klimaplanen.

2. Varaordførar får 40% «stilling» og 40% av ordførargodtgjersle. Varaordførar kan

frikjøpast opp til 20% utanom dette. Ordførar får fullmakt til å gje frikjøp innanfor dei rammene som er gitt. Varaordførar skal ha kontorplass på rådhuset. I tillegg til dei oppgåvene som i dag ligg på varaordførar skal han/ho også leia Kvam miljø-, plan- og bygningsutval. Varaordførar skal også vera politisk kontaktperson for alle grendeutvala i Kvam. Varaordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle for dei møta han/ ho deltek på.

3. Møtegodtgjersla for folkevalde vert auka til kr. 1500 per møte.
4. Gruppeleiarar i heradsstyre får 1 % av ordførargodtgjersle utbetalt per år. Gruppeleiarane skal også ha utbetalt vanleg møtegodtgjersle i tillegg.
5. Heradsstyremøte og formannskapsmøte skal haldast på dagtid med møtestart klokka 09.00.
6. Ordninga med at det vert valt saksordførar i formannskapet vert avskaffa. Ordførar refererer sakshandsaminga i formannskapet for heradsstyret. Refereringa skal innehalda framlegg til tilrådingar.
7. Ordninga med tilskot til elektronisk utstyr for dei folkevalde vert avskaffa
8. Reglementa for dei politiske utvala skal oppdaterast i tråd med endringsvedtak gjort i denne saka. Det same gjeld *Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgodar, Kvam herad, Vestland*. Rådmann får myndigheit til å gjennomføra rettingane.
9. Vedtekne endringar gjeld frå og med ny valperiode hausten 2023 til det vert gjort nytt vedtak om politisk organisering. Andre ordningar knytt til den politiske organiseringa som ikkje er presisert i dette vedtaket held fram.
10. Pc ordning: For representanter og 1.vara som ikkje har tilgang eller moglegheit til å nytta eigen pc/jobb pc, skal heradet tilby pc til utlån i valperioden. Den skal driftast av heradet si IT avdeling.

Saksopplysningar og vurdering:

Politisk organisering

Arbeidsutvalet for politisk organisering ser ikkje at det er naudsynt å etablera fleire faste utval enn det Kvam herad har per i dag. Heradsstyret bør heller i større grad vurdere oppretting av «oppgåveutval». Eit «oppgåveutval» kan opprettast for ein kortare periode og til dømes vera knytt til særskilde saksområde eller politiske saker. Kvam heradsstyre har myndigheit per i dag til å oppretta utval etter kommunelova § 5-7. Dette er difor ikkje teke med som eit eige punkt i tilrådinga, men er teke med her som ei påminning om kva moglegheiter Kvam heradsstyre har.

Nedlegging av Kvam miljø-, plan- og bygningsutval (MPB) har vore tema i den politiske debatten ved fleire høve. Arbeidsutvalet meiner at det er grunnlag nok både når det gjeld saksmengd og arbeidsområde til at utvalet kan halda fram. Arbeidsutvalet meiner derimot at heradsstyret må vurdere om talet faste representantar skal reduserast til 7. Vidare meiner arbeidsutvalet at varaordførar bør ta over som leiar for utvalet. Arbeidsutvalet grunngjev dette med at ei slik ordning vil vera mindre ressurskrevjande og ei smart løysing fordi varaordførar då kan fungera som eit bindeledd til formannskapet. Arbeidsutvalet meiner vidare at MPB skal ha eit særleg ansvar for å fylgja opp miljø- og klimaplanen.

Arbeidsutvalet påpeikar at det må gjennomførast ei eiga høyring når det gjeld organiseringa

av rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre i samsvar med regelverk. Arbeidsutvalet har difor ikkje teke stilling til framtidig organisering av fellesrådet i denne saka. Kvam herad har per i dag ei «unntaksløysing» fordi ein i forkant av førre valperiode ikkje klarte å etablera to separate råd (Eit for menneske med nedsett funksjonsevne og eit elderråd). Høyring når det gjeld om Kvam herad skal halda fram med eit samanslått råd eller gå tilbake til tidlegare løysing med to separate råd skal gjennomførast før sommaren 2023. Kvam heradsstyre kjem til å få politisk sak til handsaming etter dette.

Styrka varaordførar sin «stillingsheimel»

På grunn av auka press på ordførar og tyngre regionale og politiske saker som krev oppfølging, føreslår arbeidsutvalet å styrka varaordførar sin stillingsheimel til 40% «stilling». Utvalet føreslår vidare at varaordførar skal ha utbetalt 40% ordførargodtgjersle. Varaordførar skal i tillegg kunna frikjøpast i inntil 20%. Det er ordførar som skal bestemma kor mykje varaordførar skal frikjøpast innanfor dei rammene som er gitt. Varaordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle for møta han/ ho deltek på. Dette er ei vidareføring av dagens ordning. Arbeidsutvalet meiner vidare at varaordførar skal ha sin kontorstad på rådhuset. I tillegg til dei oppgåvene som varaordførar har i dag, tilrår arbeidsutvalet at varaordførar skal ta over oppgåva som leiar for miljø-, plan- og bygningsutvalet. I tillegg ønskjer arbeidsutvalet at varaordførar skal vera kontaktperson for alle grendeutvala i Kvam. Dette siste er ei oppgåve som i dag er delt mellom formannskapet sine medlemer.

Møtegodtgjersle for folkevalde

Kommunelova slår fast at folkevalde skal ha ei arbeidsgodtgjersle for sitt arbeid (jf. kommunelova § 8-4). Møtegodtgjersla i Kvam har vore uendra dei siste valperiodane. Arbeidsutvalet viser til at dei folkevalde legg ned mykje arbeid og investerer mykje av fritida si i politisk arbeid for Kvam herad. Det går med mykje tid til førebuing av dei politiske møta. Partia har eigne gruppemøte i forkant av dei politiske utvalsmøta. Dette er møte som dei folkevalde ikkje får noko godtgjersle for. Det er per i dag vanskeleg å rekruttera til dei ulike politiske partia. Dette er ikkje berre eit lokalt problem i Kvam, men eit nasjonalt problem. Arbeidsutvalet meiner difor at det er viktig at dei folkevalde har gode arbeidsforhold og opplever at dei sit att med ein kompensasjon for arbeidet dei gjer og fritida som dei ofrar. Arbeidsutvalet føreslår å auka møtegodtgjersla med kr. 500. slik at den utgjer kr. 1500 frå og med ny valperiode hausten 2023.

Fast godtgjersle for gruppeleiarar i Kvam heradsstyre

Gruppeleiarane i heradsstyret spelar ei viktig rolle. Dei er kontaktpersonar for sine partigrupper og organiserer arbeidet internt i gruppene. Dei har eit ekstra ansvar for å setta seg inn i dei ulike politiske sakene som er på dagsorden og skal fungera som ein ressurs for dei andre i partigruppa. Gruppeleiarane spelar ei særskild viktig rolle når det gjeld samarbeidet og «den politiske verkstaden» som skjer på tvers av dei ulike partigruppene i heradsstyret. Gruppeleiarane har eit stort ansvar som dei per i dag ikkje får noko ekstra godtgjersle for. Med tanke på framtidig rekruttering til lokaldemokratiet i Kvam og for å få representantar til å ta på seg denne rolla i framtida, meiner arbeidsutvalet at det er naudsynt å innføra ei eiga godtgjersle for gruppeleiarane i heradsstyret. Arbeidsutvalet meiner vidare at denne godtgjersla skal utgjera 1 % av ordførargodtgjersla per år. I tillegg til dette skal gruppeleiarane ha utbetalt møtegodtgjersle per møte dei deltek på.

Tidspunkt for heradsstyremøte og formannskapsmøte

Arbeidsutvalet viser til at ettermiddagsmøte og kveldsmøte er krevjande mellom anna for

småbarnsforeldre. I tillegg vernar befolkninga i større grad om fritida si. Arbeidsutvalet tilrår difor at heradsstyremøte og formannskapsmøte skal haldast på dagtid med møtestart klokka 09.00.

Hovuddelen av befolkninga har normal arbeidstid i tidsrommet 07.00- 16.00. Når politiske parti har prøvd å rekruttera listekandidatar i forkant av t.d. kommunestyreval har ugunstig møtetidspunkt ofte blitt vist til som ei årsak for ikkje å stilla som representant. Foreldre må i større grad enn før delta i barn sine fritidsaktivitetar. Det kan difor oppstå ein interessekonflikt mellom det å følgja opp sitt politiske verv og det å vera ein god forelder. Foreldre ønskjer i utgangspunktet å vera tilgjengeleg for barna sine på ettermiddagane og kveldane. Kveldsmøte medfører difor ei tilleggsbelastning. Arbeidsutvalet innser at dersom ein skal klara å rekruttera yngre representantar til lokaldemokratiet, så må møtetidspunktet for heradsstyret endrast frå kveldsmøte til dagmøte.

Eit anna argument for å endra frå kveldsmøte til dagmøte, er at det er utfordrande for dei folkevalde å først ha gjennomført ein arbeidsdag før ein deltek på eit langt heradsstyremøte som har mange krevjande politiske saker på dagsorden. Møteslutt er fastsett til kl. 21.00 i reglementet til Kvam heradsstyre. Arbeidsutvalet peikar på at møtetida har blitt forlenga ved fleire høve. For ein representant som bur i utkanten av kommunen kan dette vera ei utfordring på grunn av lang reiseveg.

Ordninga med saksordførar vert avskaffa

Arbeidsutvalet ønskjer at ordninga med at det vert valt saksordførar i formannskapet til dei politiske sakene som skal vidare til handsaming i heradsstyre vert avskaffa. Utvalet meiner at ordførar kan referera sakshandsaminga i formannskapet for heradsstyret fordi dette vil effektivisera møta. Arbeidsutvalet viser vidare til at representantane i heradsstyret har høve til å følgja sendinga til Kommune- TV eller sjå debatten til sakene i ettertid.

Tilskot til elektronisk utstyr vert avskaffa

Arbeidsutvalet meiner at ordninga med tilskot til elektronisk utstyr for dei folkevalde bør avskaffast. Dette fordi alle i dag er avhengig av elektronisk utstyr i kvardagen og allereie har dette på plass. Ordninga med ein eingongssum på kr. 5000, der det i tillegg må betalast skatt av summen strekk likevel ikkje til dersom ein folkevald må kjøpe nytt utstyr. Arbeidsutvalet meiner difor at det heller er betre at dei folkevalde får ei auka møtegodtgjersle.

Økonomiske konsekvensar

Møtegodtgjersle for:	Per i dag 2023 for 1 møte:	Føreslått endring pr. møte (auka godtgjersla med 500 kr. opp til 1500	Differanse (auke) per møte:	Endring til dagmøte per møte med utgangspunkt i gjennomsnittleg dagsats på kr.

		kr. per deltakar):		2500
HST	25 000	37 500	12 500 (ordfører og varaordfører får ikkje møtegodtgjersle per møte)	62 500 kr. per møte/ 65 000 kr. per møte
FSK	7 000	10 500	3 500 (ordfører og varaordfører får ikkje møtegodtgjersle per møte)	
MPB	9 000	12 000 (varaordfører utvalsleiar)/ 13 500 (varaordfører er ikkje utvalsleiar)	3 000 (varaordfører utvalsleiar) 4 500 (varaordfører er ikkje utvalsleiar)	
VALN	7 000 (varaordfører er utvalsleiar)	10 500 (varaordfører er utvalsleiar)	3 000 (varaordfører er utvalsleiar)	
VAL	3 000 (ordfører er utvalsleiar. Varaordfører er nestleiar)	4 500 (ordfører er utvalsleiar. Varaordfører er nestleiar)	1 500 (ordfører og varaordfører får ikkje møtegodtgjersle per møte)	
ADM	4 000	6 000	2 000 (varaordfører er utvalsleiar og får ikkje godtgjersle per møte)	
RMNFE (NB! Kan bli 2 utval frå og med hausten 2023)	9 000	13 500	4 500	
AHST	25 000	37 500	10 500 (ordfører og varaordfører får ikkje møtegodtgjersle per møte)	62 500 kr. per møte/ 65 000 kr. per møte

AFSK	7 000	10 500	3 500 (ordfører og varaordfører får ikkje møtegodtgjersle per møte)	
KTRO	5 000	7 500	2 500	

Kommentar til tabell:

- Ungdomsrådet bestemmer si eiga godtgjersle og er difor ikkje med i denne oversikten.
- Dersom Kvam heradsstyre i gjennomsnitt har 10 møter (her inkl. to stk. arbeidsmøter) per år i neste 4-års periode vil det seia ein auke i utgifter på om lag 2 mill. kr. ved å flytta alle møta til dagtid. HST har tidlegare hatt vedtak om 2 stk. dagmøte per år dette er difor trekt i frå.

Andre endringsforslag	Auke/ reduksjon per år	Auke/ reduksjon for neste valperiode (4 år)
Godtgjersle varaordfører i 40% «stilling». Ordførargodtgjersla er knytt til stortingsrepresentantane si godtgjersle. Det vil seia at her skjer det ei automatisk justering kvart år (juni) etter at godtgjersla til stortingsrepresentantane er handsama. Varaordførargodtgjersla utgjer per i dag 202 221 kr. Ein må rekna med ei auke på om lag 3.5 % per år i neste 4- års periode.	202 221 kr. (kr. 404 441 totalt)	882 182 kr. inkl. 3.5 % auke per år. (total godtgjersle kr. 1 764 364 for 4 år).
Godtgjersle gruppeleiar (1% av ordførargodtgjersle)	10 111 kr. per gruppeleiar i HST (I dag er det 8 stk. totalt utgjer dette kr. 80 888 per år)	323 552 kr. (med utgangspunkt i 8 gruppeleiarar)
Reduksjon tal representantar i Kvam miljø-, plan- og bygningsutval (MPB) frå 9 til 7 representantar:	· Reduksjon i møtegodtgjersle på 3000 kr. per. møte (utg. i møtegodtgjersle på kr. 1 500 kr). Dersom 7 møter i løpet av 1 år utgjer dette 21 000 kr.	Reduksjon i møtegodtgjersle: 84 000 kr. Reduksjon i tapt

	· Reduksjon i tapt arbeidsforteneste på om lag 5 000 kr. per møte. (Utgangspunkt i gjennomsnittleg dagsats på kr. 2 500 kr.). Dersom 7 møter i løpet av 1 år utgjør dette 35 000 kr.	arbeidsforteneste: 140 000 kr.
Varaordfører tek over leiaransvaret for MPB: reduksjon i utbetaling av godtgjersle til utvalsleiar. Utvalsleiar i MPB får per i dag utbetalt kr. 35 389 per år. Dette tilsvarar 3,5% av godtgjersla til ordfører.	Godtgjersla er knytt til ordfører si godtgjersle. Må difor rekne med ein auke på om lag 3.5 % per år.	Innsparing over 4 år inkl. justering av godtgjersle med 3.5% per år: om lag 149 162 kr. (inkl. møtegodtgjersle for 7 møter per år utgjør dette ei innsparing på om lag 191 162 kr.)
Fjerna tilskot til elektronisk utstyr folkevalde (faste representantar + 1. vara i HST + RMNFE (faste repr.) + KTRO (faste repr.)	Utbetaling i starten av valperioden dvs. hausten 2023	Om lag 235 000 kr. i total innsparing

Kommentar frå arbeidsutvalet:

Lokaldemokratiet og utøving av politisk arbeid er ein kjerneverdi i det norske samfunnet. Det er folket og folkeviljen som styrer, både nasjonalt og lokalt. Dei folkevalde har ei ombudsrolle, styringsrolle og ei leiarrolle. Dei representerer innbyggjarane, er ansvarleg for kommunen si drift mellom anna gjennom budsjettvedtak. Dei folkevalde har også eit ansvar for kommunen sine resultat. Vidare skal dei folkevalde representera Kvam herad (ordfører/ varaordfører), setta dagsorden og peika på ulike løysingsforslag. Å vera folkevald i Kvam herad er med andre ord ei omfattande oppgåve.

Politisk nivå må på lik line med administrasjonen til rådmannen, vera rusta til å møte dei utfordringane som ein vert pålagt. Det er også viktig å syta for gode arbeidsvilkår for dei folkevalde for å sikra rekruttering til lokaldemokratiet i tida framover. Arbeidsutvalet meiner at dei endringane som er føreslått i denne saka og den kostnadsauken dei medfører, er naudsynt for den politiske organiseringa i Kvam herad.



Kvam Kontrollutval v/Roald Breistein

Vår ref.: DokumentID 23/9092

Dykkar ref.:

Dato: 03.04.2023

MELDING OM VEDTAK HST- SAK 025/23 FORVALTNINGSREVISJON PERSONALPOLITIKK MED FOKUS PÅ TILSETJINGSPROSEDYRAR

Kvam heradsstyre har i møte 28.3.2023 gjort følgjande vedtak i saka:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad ber heradsstyret rådmannen syta for å:

1. Utarbeide skriftlege rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for relevante reglar slik som 3 og 4-årsregelen.
3. Utarbeide ei sjekkliste/kort rutine for tilsetjing i kortare vikariat/timebaserte stillingar.
4. Sikre at dei vurderingane som i praksis blir gjort i rekutteringsgruppene blir tilstrekkeleg dokumentert i det omfang og i den tidsperioden som er nødvendig.
5. Følgje opp funn i undersøkinga om korleis dei tilsette opplever det psykososiale arbeidsmiljøet og ytringskulturen, og setje i verk avhjelpande tiltak.
6. Heradsstyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.05.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Helsing

Kari Weltzien Vik

Administrativ rådgjevar

Telefon: 995 43 057

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

Kvam Kontrollutval
v/Roald Breistein



Kvam Kontrollutval v/Roald Breistein

Vår ref.: DokumentID 23/9094

Dykkar ref.:

Dato: 03.04.2023

MELDING OM VEDTAK HST- SAK 026/23 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I KVAM HERAD FOR 2022

Kvam heradsstyre har i sitt møte 28.3.2023 gjort følgjande vedtak i saka:

Kvam heradsstyre godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Kvam herad.

Helsing

Kari Weltzien Vik
Administrativ rådgjevar
Telefon: 995 43 057

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

Kvam Kontrollutval
v/Roald Breistein